

Fiskeforvaltning for framtida

Tidlegare denne veka inviterte Vinje kommune i samarbeid med Statkraft og Rauland turist til folkemøte om framtidens fiskeforvaltning i Vinje.



Forvaltning: Stein Ivar Johnsen frå NINA snakka om forvaltninga av fisket.

VTB Stein Olav Lie
stein.olav.lie@vtb.no

Det var i utgangspunktet Statkraft som hadde teke initiativet til folkemøtet.

Arrangørane hadde invitert fleire føredragshaldarar, mellom anna Stein Ivar Johnsen frå Norsk institutt for naturforskning (NINA), Gudmund Nygaard frå Fishspot i Østerdalen, Lars Nilssen, fjernsynskjendis med fiskedilla og Geir Midtbø frå Rauland turist. I overkant av 50 personar møtte fram på Raulandsakademiet.

Ulike føresetnader

– Det vil alltid vere grunnleggjande føresetnader for at fisken skal ha det bra. Me har ein del økologiske føresetnader slik som berggrunn, vassstemperaturar, tilgang på næringsdyr og ikkje minst forvaltninga av fisket, som spelar viktige roller i samband med fiskebestanden. Det er vel slik i Vinje som mange andre stader at det er mange vatn med mykje småfisk. Det kan vere fleire årsaker til det, men stor årleg rekruttering av fisk, små næringsdyr og lite fiske kan vere nokre viktige faktorar. Me veit at i vatn med middels fisk (200-500 gram) er det betre balanse i mattilgangen og rekrutteringa. Det blir også fiska ofte og ganske mykje. Der me finn større fisk, eller kilofisk, er det ofte låg rekruttering, store næringsdyr og liten produksjon. Ofte kan vatn i høgfjellet vere slike stader, sa Stein Ivar Johnsen.

Reguleringsproblematikk

Han kom også inn på andre viktige faktorar som spelar inn, og vassregulering er ein slik faktor.

– I innsjøar kan reguleringar føre til reduksjon i næringsdyrproduksjonen, altså mat til fisken. Det kan vidare føre til redusert vekst hjå auren spesielt. Når vatna er tappa ned, betyr det færre skjulestader for fisken og dermed fleire som må bøte med livet. Også gyteplassane

blir påverka ved regulering. I regulerte elver er det tunellutløpa, minstevassføringa og effektkøyninga for å auke eller senke produksjonen, som er dei største utfordringane for fisken. Saman med eventuelt manglande fisketrappar og gode trasear for returvandringa, forklarte Johnsen.

Han sa vidare at reguleringane betyr høgare vasstand om vinteren og mindre om sommaren, i forhold til det som ville vere den naturlege endringa om ikkje elva var regulert. Det same meinte han om vassstemperaturane som ofte blei lågare om sommaren og høgare om vinteren enn det som hadde vore naturleg.

Realistiske mål

– Det som er viktig for å forvalte aurevatn vil vere å definere realistiske mål. Ein bør sjå på haustingsnivået og ein bør vurdere om det er rett å differensiere forvaltninga. Utfordringa er kanskje å finne fisken livsløp i det aktuelle vatnet eller i den aktuelle elva. Det er viktig med gode data for dagens situasjon slik at ein veit korleis stoda er i forhold til målet ein set seg. Slik blir det lettare å måle endringar, sa Johnsen.

Viktige ringverknader

Gudmund Nygaard frå Fishspot orienterte om tiltak gjort i Østerdalen for å gjere fisket til ei tur-

istnæring knytt til forvaltning.

– Samarbeid er sjølvst avgjerrande og grunneigarane er dei fyrste me må bli samde med. Det er også viktig å tenkje på kva ringverknader eit slikt tilbod kan få. Om me reknar på fiskedøgna i 2011, tyder mykje på at næringslivet regionen fekk tilført ein auke i omsetninga på totalt ti millionar kroner. I 2012 ser det ut til å bli om lag det dobbelte. Kjem turistane for å fiske treng dei ein stad å overnatte. Dei skal ha mat og dei handlar gjerne ein del ekstra. Utfordringa vil vere å få delar av denne omsetningsauken til å kome grunneigarane meir til gode. Inntektene frå sal av fiskekort utgjør maksimalt ti prosent av omsetningsauken, sa Nygaard.

Viktig destinasjon

Geir Midtbø frå Rauland turist vil gjerne vite om grunneigarane i området ville vere med på ei vidare utvikling av fiskekortordninga. Så langt har ein del fiskarlag i Rauland gått saman om felles fiskekort.

– Eg vil gjerne ha tilbakemeldingar om det er interesse for å arbeide vidare med prosjektet, slik at me kan tilby fiskekort som ein del av pakka i tilbodet til turistar. Rauland er valt av Color Line som ein av destinasjonane dei vil satse på. Då hadde det vore fint om me kunne lagt fiskekortet klart på


hotellromet, smilte Midtbø.

Fang og slepp

Avslutningsvis viste Lars Nilssen film frå elva Hemsila i Hemsedal der dei fanga og radiomerka fleire store aurar. Målet med prosjektet var å finne ut kvar fisken oppheldt seg og samstundes prøve å finne

ut om fisken var plaga av å bli fiska for å så å bli sleppt laus att. Filmen heiter «Catch & Release».

Av filmen gjekk det fram at fiskekane stort sett hadde faste plassar der dei oppheldt seg, og alt tyder på at fisken ikkje var særleg plaga av å bli fiska og så sett tilbake på plass att.



Lokal: Geir Midtbø frå Rauland turist ville vite om han skulle jobbe vidare med felles fiskekort.